

Ros til firma på Børnes

19.04.2009



Fint pynta på Børnes - på tomta til det innflytta firma Kvinnherad Byggutvikling & Industriservice. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Formannskapsmedlem Torfinn Myklebust rosar no firmaet Kvinnherad Byggutvikling & Elektroservice for oppyntinga på tomta deira på Børnes.
Han skriv slik i eit presseinnlegg:

' Jarle Fossheim i kommunen tok for nokre månader sidan initiativ til at grunneigarar på Børnes i Uskedalen burde rydda opp på områda sine. Noko vart gjort, også av kommunen. Mykje betre vart det i alle høve.

No er det komne fire unge elektrikarar til området. Det er Kvinnherad Byggutvikling & Elektroservice dei driv. Utjamninga, plantinga og tilsainga på området deira bør vera til etterfølgjing for andre både i Uskedalen og i andre nærings- og industriområde i Kvinnherad.

Godt, ungdommar!

Myklebust har også sendt ei oppmøding til Jarle Fossheim om at han og kommunen også tek seg av andre industrifelt og opphoping-av-skrot-felt.

Av Ola Matti Mathisen